

Inger Marie Jordal  
Ådlandsvegen 785  
5919 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/2224 - 21/16303

Saksbehandlar:  
Roba Al Serhan  
roba.al.serhan@alver.kommune.no

Dato:  
10.03.2021

## Fritak frå kravet om gjødselplan Gbnr 339/5 Gaustad

**Administrativt vedtak: Saknr: 324/21**

### VEDTAK:

**Alver kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 15.03.2026 for Gbnr 339/5, då bruket er ekstentivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresefnadane for dispensasjon vert endra , må det fremjast ny søknad.**

### Saka gjeld :

Føretaket Daniel og Inger Marie Jordal har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gbnr 339/5. Drifta er 15 vinterfora sauer og 6 høner. Føretaket eig 9 daa overflatedyrka mark , 11 daa innmarksbeite og 3 daa fulldyrka mark. Søkjeren leiger 7 daa overflatedyrka mark og 5 daa innmarksbeite. Driftsformen er utgangardrift. Han har opplyst at noko tørrgjødsel samlar seg under spaltegolvet og dette vert spreidd for hand på dyrka mark i juni-juli.

Føretaket kjøper inn 600 kg fullgjødsel 22-3-10.

Åreleg tilført næringsstoff p.r daa/år på dyrka mark				Kg Nitrogen	Kg Fosfor	Kg Kalium	
Kg	Gjødselslag	Total areal(daa)	Dyrka mark	Kg pr.daa			
600	22-3-10	35	Dyrka mark	17	3,74	0,5	1,7

Normgjødsling i vårt område p.r daa/år er 22 kg nitrogen, 3 kg fosfor og 10 kg kalum .  
GDE vinterfora sau/ geit (2.1 etter frådrag for beitetid)

## **VURDERING:**

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera frå kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ektensivt. Gjødslinga skal vera under 50% av normgjødsling.

Bruket ligg under 50 % av normgjødsling. Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar (GDE ) og har stort areal i høve til dyretalet. Kommunen har derfor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødselplan i 5 år. Kommunen oppmodar foretaket til å ta jordprøvar for å få oversikt over næringsinnhaldet i jorda. Jordprøvar kan vera grunnlag for betre tilpassing av gjødselsmengde og gjødselslag til jordart og driftsform.

## **Regelverk**

Forskrift om gjødselplanlegging.

## **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

## **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «21/2224 »

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Roba Al Serhan  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## **Mottakarar:**

Daniel Jordal  
Inger Marie Jordal

Ådlandsvegen 785  
Ådlandsvegen 785

5919 FREKHAUG  
5919 FREKHAUG